

Vestland fylkeskommune  
Att.: Fylkesrådmann Rune Haugdal  
Postboks 7900

5020 BERGEN

20. april 2020

## Revisjonsrapport nr. 23 (journalføres)

### REVISJONSRAPPORT 2019

#### Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen til Hordaland fylkeskommune for 2019. Vi vil i den anledning gje ei kort oppsummering av utført revisjon i rekneskapsåret og kommentera nokre forhold som vi meiner leiinga i fylkeskommunen bør ha særleg fokus på. Det er ikkje avdekkja forhold som etter revisorlova § 5-2 fjerde ledd skriftleg skal kommuniserast til leiinga. Rapporten er stila til Vestland fylkeskommune.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har vurdert som naudsynte for å få stadfestat at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag når vi skriv vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoene i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kvar det er størst risiko for vesentlege feil i rekneskapsrapporteringa. I samband med vår kartlegging har vi hatt møte med personar på ulike nivå som er sentrale for den økonomiske internkontrollen i fylkeskommunen.

Vi vil presisere at det er leiinga i fylkeskommunen som er ansvarleg for å etablere og halda oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formueforvaltinga er ordna på ein trygg måte.

Etter vår vurdering har samarbeid med leiinga og anna personale i fylkeskommunen vore godt, og vi har fått den hjelp og dei opplysningar vi har bede om, trass at fysisk besøk hos fylkeskommunen i årsoppgjeret har vore redusert grunna situasjonen med korona.

Vi viser til vår interimsrapport av 13. november 2019 for funn knytt til revisjonsområde frå vår interimsrevisjon.

#### Sjølvstende og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstiller dei krava til sjølvstende og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i gamal kommunelov og som er nærmare konkretisert i gamal forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14. Tilsvarande krav er i ny kommunelov § 24-4 og ny forskrift om revisjon og kontrollutval § 16 og § 19.

## Løn

Vi viser til vår interimsrapport av 13. november 2019 som tek for seg dei sentrale revisjonshandlingane vi har gjennomført på lønsområdet.

HR løn har i 2019 i stor grad vore à jour med periodiske lønsavstemmingar. Det er vår vurdering at nivå på kontrollane hos HR løn er tilfredsstillande.

Vi har i årsoppgjøret avdekket at det manglar signert kontrakt for ein tilsett som var tilsett for mange år sidan, men som har skifta avdeling.

Vi merkar oss at for dei tilsette vi har kontrollert har det i god grad vore på plass signert tilsettjingskontrakt. Vår tilråding er at fylkeskommunen opprettheld fokus på å etablere god rutine på området i ny fylkeskommune.

## Avstemming anleggsregister

Fylkeskommunen føretok avstemming mellom årsrekneskapen og anleggsregister årleg. Det er vår tilråding at fylkeskommunen gjer dette månadleg for å fange opp moglege feil innan kort tid.

## Bundne fond

Vi har undersøkt ein transaksjon på eit bunde fond der fylkeskommunen har overført ubrukte midlar frå eit år til eit anna. Beløpet inneheld i hovudsak tilskot motteke frå ekstern tilskotsgjevar, som riktig er sett av til bunde fond. Beløpet inneheld også budsjetterte eigne midlar med MNOK 1,68. Det er vår vurdering at dette beløpet ikkje skulle vore overført til bunde fond då dette er eigne midlar som det er mogleg å omdisponere.

Vi tilrår at fylkeskommunen sørger for at avsetninga til bunde fond er avgrensa til tilskot som er øyremerka til eit gjeve formål, og ikkje inneheld eigne midlar som kan bli omdisponert.

## Periodisering

Vi har gjennomført periodiseringkontroll av utgifter på stikkprøvebasis ved å kontrollere utgifter ført i årsrekneskapen til Vestland i starten av 2020 for å avdekkje om det er utgifter som tilhører 2019, men som ikkje er sett av for i årsrekneskapen for 2019.

Det er avdekket nokre fakturaer som skulle vore sett av for i årsrekneskapen til fylkeskommunen i 2019, men omfanget er avgrensa, og det er i hovudsak knytt til investering der fokus på periodisering er mindre.

Vi vil tilrå fylkeskommunen å sørge for at utgifter vert periodisert på rett år.

## Fylkesvegar

Stortinget har vedteke at ordning med sams vegadministrasjon vert avvikla med verknad frå 1. januar 2020. Det medfører at fylkesvegoppgåver som Statens vegvesen har utført for fylkeskommunane er overført til fylkeskommunane. Då har blant anna ansvar for rekneskapsføring av fylkesvegrekneskapen for Vestland gått over til Vestland fylkeskommune. Vi viser til vår interimsrapport av 13. november 2019 for omtale av dei ulike utfordringane som dette fører med seg for fylkeskommunen.

For fylkeskommunen har overgangen vore krevjande, men i lys av dei moglege problemstillingane som fylkeskommunen var merksam på, har prosessen gått tilfredsstillande. Basert på dei revisjonshandlingane vi har gjennomført for årsrekneskapen i 2019, og kontroll av grunnlag for søknad om meirverdiavgiftskompensasjon i 1. termin 2020, har vi ikkje identifisert vesentlege avvik.

Det er likevel slik at moglege avvik i hovudsak vil oppstå for årsrekneskapen i 2020, og vi tilrår fylkeskommunen om å arbeide med å identifisere avvik vidare utover i det første rekneskapsåret for Vestland fylkeskommune.

## Skyss

Ein stor del av Skyss sine billettinntekter kjem gjennom mobilapplikasjonen Skyss Billett. For heile 2019 utgjer inntekt frå mobilbillett i omsetnad ca. 68 % av totalt direkte billettsal i året, ein auke frå 58 % i 2018. Andelen billettinntekter frå mobilapplikasjonen er framleis venta å auke ytterlegare i tida som kjem.

Skyss sin leverandør av mobilapplikasjonen har i 2019 fått utarbeidd ein revisorbekrefta rapport på sin intern kontroll som dekkjer vurdering og testing av dei kontrollrutinane leverandøren har på plass for å sikre at inntektene er fullstendige og nøyaktige. Rapporten er ein Type 2 rapport etter ISAE 3402-standarden og dekkjer perioden frå 1. februar 2019 til 31. desember 2019.

Vi har i vår revisjon bygd på rapporten i samband med revisjon av billettinntekter som kjem gjennom mobilapplikasjonen. Vi har gått gjennom dei funn som er peika på i rapporten, og vurdert om desse kan ha vesentleg konsekvens for den finansielle rapporteringa. Det er vår vurdering at ingen av funna har slik konsekvens.

I tillegg til revisjon av inntekt som går via mobilapplikasjon har vi gjennomført eigne revisjonshandlingar på dei andre salskanalane til Skyss, til dømes billetteringssystemet Atries, utan å identifisere vesentlege avvik.

## Meirverdiavgiftskompensasjon

I samband med overgang frå Hordaland og Sogn & Fjordane til Vestland fylkeskommune har fylkeskommunen hatt fokus på å informere leverandørar om at frå 1. januar 2020 må dei stile sine fakturaer til Vestland fylkeskommune slik at legitimasjonskrava i avgiftsreglane vert følgd.

I vår kontroll av søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for 1. termin 2020 for Vestland fylkeskommune har kvaliteten på grunnlaget vore tilfredsstillande både når det gjeld legitimasjon av inngående fakturaer, og moglege forelda fakturaer.

## Nærståande

Det er viktig at fylkeskommunen er bevisst på god identifisering av nærståande, både personar og selskap, slik at moglege transaksjonar med nærståande blir tilfredsstillande vurdert. Særleg er dette viktig når Hordaland og Sogn & Fjordane no er slått saman til Vestland, og organisasjonen er auka i omfang.

Vi tilrår at fylkeskommunen sørger for at transaksjonar med nærståande er tilstrekkeleg behandla i etiske retningsliner, tilsetningsavtalar og øvreg intern kontroll.

## Rettstvistar

I samband med vår revisjon er det innhenta vurdering frå fylkeskommunen sine advokatar om dei pågåande rettstvistar som fylkeskommunen er part i, samt varsla eller venta krav. Vi har gjennomgått motteke advokatbrev, der det er omtala ei rekke saker av ulikt omfang. Vi har hatt dialog med administrasjonen og advokat om vurdering rundt dei mest omfattande tvistane.

Det er vår vurdering av advokatbreva at det ikkje er omtala krav av slik art eller omfang som medfører at fylkeskommunen bør gjere ytterlegare avsetnad i årsrekneskapen for 2019.

## Hendingar etter balansedagen

Etter gamal kommunelov § 48, punkt 5, skal det i årsmelding «...*gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen*».

I tillegg kjem det frem av Kommunal regnskapsstandard nr. 7 (F) om «*Usikre forpliktelser, betingede eiendeler og hendelser etter balansedagen*», kapittel 3.3 og fra anbefaling i kapittel 4, punkt 3: «*Hendelser etter balansedagen fram til årsregnskapet er avlagt skal innarbeides i årsregnskapet, dersom hendelsen gir informasjon om forhold som eksisterte på balansedagen og vil ha regnskapsmessige konsekvenser for årsregnskapet. Dersom hendelsene har sammenheng med forhold oppstått etter balansedagen, skal de ikke innarbeides i årsregnskapets talldel. Det skal i begge tilfeller vurderes å gi noteopplysninger*».

Situasjonen i dag med korona og effekt på årsrekneskapen til fylkeskommunen må bli vurdert. Det er klart at det ikkje vil påverke årsrekneskapen for 2019, men for 2020 vil Vestland fylkeskommune ha auka utgifter, fall i billettinntekter og få redusert skattegrunnlag, samstundes som det ikkje er klart i kor stor grad Staten vil dekkje inn dei negative effektane. Vurdering av omtale i årsmelding og i note til årsrekneskapen er naturleg ut frå dei krav som er stilt i kommunelova og i KRS nr. 7.

Fylkeskommunen har valt å ikkje omtale situasjonen i årsmelding, men tek det med i note til årsrekneskapen for 2019. Det er vår vurdering at dette er tilstrekkeleg.

## Avslutning

Vi har for rekneskapsåret 2019 ikkje vore usamde med leiinga knytt til vesentlege forhold.

Utkast til denne rapport er førelagt administrasjonen.

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trond for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til teneste.

Vi vil avslutningsvis nyta høve til å takke for samarbeidet i året som har gått, som har vore det siste for Hordaland fylkeskommune, og ser frem til eit godt samarbeid i Vestland fylkeskommune.

Med venleg helsing  
Deloitte AS

**Bjarne Ryland**  
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet ved leiar Dan Stian Femoen  
Fylkesdirektør økonomi og organisasjon Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Leiar økonomi Nils Egil Vetlesand  
Leiar rekneskap Helge Johan Flatebø

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

**Bjarne Ryland**

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-2318195

IP: 217.173.xxx.xxx

2020-04-20 14:05:02Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

## Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>